

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **19. februar 2025** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av leiar Olav L. Rossebø.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.15
MØTANDE MEDLEMER:	Olav L. Rossebø (H), Anne Løvereide Faye (Uavh.), Sondre Tveita (Sp), Hans Jørgen Ognøy (KrF) og Daghild G. Alvestad (Uavh.)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Stats. aut. revisor Therese Bjørkeland – på teams
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef oppvekst og kultur Åse Bratthammer i sak 2 og 3
ANDRE SOM MØTTE:	Ordfører Egil Våge (Sp)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 13.11.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 13.11.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 13.11.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/25 ORIENTERING OM OPPVEKST OG KULTUR V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef for oppvekst og kultur Åse Bratthammer si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Åse Bratthammer viste ein presentasjon og orienterte om sine arbeidsoppgåver. Ho gjorde greie for dei ulike styringsorgan og rammeverket som styrer oppvekstsektoren frå topp til lokalt nivå. Det er svært mange lovar, forskrifter og tilrådingar som skal følgjast.

Ho orienterte om det pågåande arbeide med kvalitetsutvikling og arbeidsmiljø. Eininga hadde klare mål og ein god oppvekstplan, som dei hadde jobba mykje med.

Kommunalsjefen svara på spørsmål om mellom anna eit omfattande byråkrati, kva er «godt nok», samarbeid med andre kommunar og sjukefråvær.

Medlemmene meinte det blei gjort mykje godt arbeid på skulen og i barnehagen, og at «skuta var på rett vei». Leiar takka for ei interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef for oppvekst og kultur Åse Bratthammer si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 03/25 OPPFØLGING AV RAPPORT – «BOKN SKULE - ARBEIDSMILJØ»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Bokn skule - arbeidsmiljø» til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Leiar innleia og viste til den skriftlege tilbakemeldinga frå kommunedirektøren.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Bokn skule - arbeidsmiljø» til orientering.

SAK 04/25 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2024 (med evt. endringar/tillegg).

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2024 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Leiar gjorde kort greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2024.

Innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2024 til orientering.

SAK 05/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Statusrapport pr. februar 2025
2. Tertialrapport frå Rogaland revisjon pr. 31.12.24
3. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 27.11.24
4. Oppsummering frå NKRFs kontrollutvalgskonferansen 29.01 – 30.01.25
5. Invitasjon til FKT sin fagkonferanse 3. - 4. juni på Gardermoen
6. Statsforvalteren i Rogaland - informasjon om statlige tilsyn med kommunene i 2025

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Han og Hans Jørgen Ognøy refererte frå ein veldig interessant og lærerik konferanse på Gardermoen. Medlemmer som ønskjer å reise på FKT-konferanse i juni melder frå til sekretariatet.

Revisor orienterte kort status for revisjonsprosjektet om «Integrering av flyktningar».

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 19.02.25:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 1 - 6 til orientering.

YMSE

Kommunale avgifter og gebyrsatsar

Leiar informerte om at han hadde fått fleire henvendingar om den store auken i kommunen sine avgifter og gebyrsatsar. Ordførar informerte om at det pågjekk eit arbeid med å handsama dette politisk.

Neste møte: onsdag 14.05.25, kl. 18.00

Saker: orientering om økonomiavdelinga, årsrekneskapen for 2024 og forenkla etterlevingskontroll.

Bokn/Aksdal, 19.02.25

Olav L. Rossebø
Leiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær